



Sak nr 25/2011

Møtedato: 27.4.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S811

S 811, Rensenn – søknad om mjølkestall

Jan Erik Lisjordet søker den 27.4.11 om å føre opp ny mjølkestall på stølen. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden.

Eksisterande fjøs skal rivast og mjølkestallen er tenkt ført opp nedanfor det gamle fjøset. Det nye bygget er på 14,5m x 7,3m, 106 m² (BYA, bebygd areal). Mjølkestallen skal innehalde mjølkeplass til 5 kyr, sjukebinge, mjølsilo, mjølkerom og vaskerom/garderobe.

I følgje stølsregisteret er det på stølen følgjande bygg (areal i BYA) :

Annet	23 m ²
Fjøs	120 m ²
Seterbu	66 m ²
Annet	8 m ²

Søkjaren opplyser at stølen blir brukt til mjølkeproduksjon, beite og fôrproduksjon.

Stølen er i bruk til mjølkeproduksjon og er i bruk etter fjellova. Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Fjellstyret mottok søknaden same dag som fjellstyremøte og har ikkje fått innhenta uttale frå Statskog og Oppland fylkeskommune. Lisjordet ynskjer å starte bygginga før neste fjellstyremøte den 20.juni og fjellstyret har derfor valt å ta saka opp til behandling. Dersom det kjem merknader utforming av bygg eller anna, må fjellstyret ta saka opp til ny behandling.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for dei omsøkte tilbygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene på vilkår av at eksisterande fjøs blir fjerna innan 1.9.2012. Vedtaket er gjort med atterhald om at det ikkje kjem merknader frå Statskog eller Oppland fylkeskommune. Ved eventuelle merknader må saka takast opp til ny behandling.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.4.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jan Erik Lisjordet
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune
Statskog